



# Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 27.11.2023

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## **RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2023 – HAMRAN PÅ BERGEM I TINGVOLL – BN00085161**

Dykkar ref. 2023/309.

### **Utført arbeid 2023**

#### **Slått**

For å få til ein god slått, er det fleire ting som må klaffe. Veret må vere brukande frå 15.7. og ein månads tid og den yngre generasjonen må ha ferie i passende tid. I tillegg må alle vere ved god helse og motiverte for slått, og slåmaskina må vise seg frå rette sida.

Irene melder 18.7.:

Her innser vi at dette kanskje blir sommaren vi ikkje kjem i mål? Det fuktige vêret gjer det meste håplaut. Aslaug og Ole Henrik har slått eit stykkje, men graset ligg og vert våtare og våtare. Har nettopp vore ute ein tur og konkludert med at det er skikkeleg tungt å sette riva i graset.

Det blei slått, og her kjem detaljane ved Irene:

Denne sommaren vart slåtten rundt husa på Hamrå gjennomført frå 15. til 30. juli. I tillegg vart det slått nede ved naustet 15. sept. Trass i mykje regn og fuktig vêr greidde vi det på såpass kort tid fordi heile 7 familiemedlemer (frå 50 til 83 år) deltok i løpet av dei to vekene. Men eit lite stykke nedafor løa, i brattbakken nederst mot skogen, vart ikkje slått. Årsaken var at eg ville sjå nærare på blomstrane der.

Den første plassen som vart slått i år, var enga i sør-vest frå nederst i skogkanten og opp til badmintonplassen (15. juli). Deretter enga rett nedafor huset (18. juli), så enga innafor løa (24. juli), så ovafor vegen og til slutt enga utafør huset frå badmintonplassen og heilt opp til skogen (28. juli). På dette siste stykket vart graset vendt, tørka, raka saman og dradd bort under det beste vêret med sol og vind, noko som gjorde arbeidet både lett og triveleg!

### **Etterbeiting**

Det har ikkje vore etterbeiting i år. Det var ettervekst nok til at etterbeiting hadde vore ein fordel, men saueeigaren gjorde på andre ting.

### **Hogst**

Beløpet til slått var redusert samanlikna med tidlegare. For å gjennomføre slått blei beløpet til hogst omdisponert i samråd med Statsforvaltaren. Det er ikkje hogd noko i 2023.

### **Moseforsøk**

Irene melder: Både tidleg i vår og etter slått var det ikkje mykje bjønnemose å sjå, og ingen av dei store «mosedynene» er der lenger. Problemet med mose har blitt mindre.

Spørsmålet er om det er noko anna som også har endra seg. Det vil tida vise. Forsøksfeltet har fått same handsaming som areala rundt.

### **Observasjonar**

Irene melder: Fuglevikkene har spreidd seg over større område på Hamrå, særleg nedafor løa der det før var massevis av hanekam. Dei siste par åra har vi oppdaga berre 3-4 eksemplar av hanekam. I nedkant av enga ovafor vegen, der det vart felt 3 bjørketre i november 2022, kom det i sommar fram fleire blomstrar, også der fuglevikke, og stormarimjelle m.a.

### **Tidsbruk/økonomi**

Det er ikkje ført nøye rekneskap med arbeidstida i år, men omfanget har vore som normalt.

	Søkt	Fått	Brukt	
Slåttarbeid	20000	17250	20000	
Hogstarbeid	3700	3500	0	
Køyring	0	0	0	
slåmaskinleige	3600	3600	3600	
Sum	27300	24350	23600	

I tillegg er administrasjon gjort på dugnad.

Det er eit mindreforbruk på kr 750. Beløpet var lite til å setje i gang hogst, så beløpet dekker underskot på dei andre lokalitetane.

### **Behov neste sesong**

Ein del stader der mose er eit problem er årsaka truleg skugge. Det er stadig behov for tynning av skog langs kantane. Sør for låven er det truleg størst verknad av skugge no.

Med helsing

Øystein Folden

Kopi: Tingvoll kommune



**Figur 1. Bilete 30.07.2023. Irene Bergheim.**



**Figur 2. Bilete 18.07.2023/26.07.2023. Irene Bergheim. Bilete 29.07.2023 Yngvar Nilsen.**



**Figur 3. Bilete 29.07.2023. Irene Bergheim. Ovafor husa.**



**Figur 4. Bilete 10.10.2023. Øystein Folden. Midt på nedre del er det litt ope etter ganske mykje hogst, men elles er det rikeleg med skog som gjev skugge.**



**Figur 5. Bilete 10.10.2023. Øystein Folden. I framkant ein haug nedst i teigen som blei sett igjen for å få betre tid til blomstring og frøing, sidan noko blei slått litt tidleg.**



**Figur 6 Bilete 10.10.2023. Øystein Folden. Teigen mot søraust. I nedkanten ein del skog som bør fjernast.**